

# Fond for lyd og bilete

## Årsmelding 2007



NORSK  
KULTURRÅD

Copyright © 2008 by Norsk kulturråd  
All rights reserved  
Utgitt av Norsk kulturråd i kommisjon hos Fagbokforlaget

ISBN: 978-82-7081-XXX-X

Grafisk produksjon: John Grieg AS, Bergen

Omslagsdesign ved forlaget  
Omslagsfoto:  
Sideombrekking: Laboremus Prepress AS

Spørsmål om denne boken kan rettes til:  
Fagbokforlaget  
Postboks 6050, Postterminalen  
5892 Bergen  
Tlf.: 55 38 88 00 – Faks: 55 38 88 01  
E-post: [fagbokforlaget@fagbokforlaget.no](mailto:fagbokforlaget@fagbokforlaget.no)  
[www.fagbokforlaget.no](http://www.fagbokforlaget.no)

For mer informasjon om Norsk kulturråd og Kulturrådets utgivelser:  
[www.kulturrad.no](http://www.kulturrad.no)

Norsk kulturråds utgivelser omfatter skrifter som kan ha forsknings- og utredningsmessig interesse for Norsk kulturråd, for deler av norsk kultur- og samfunnsliv, og for forskere og utredere på kulturfeltet.

Utgivelsene redigeres av Norsk kulturråds FoU-seksjon og utgis av Norsk kulturråd i samarbeid med Fagbokforlaget. De vurderinger og konklusjoner som kommer til uttrykk i utgivelsene, står for den enkelte forfatters regning – og avspeiler ikke nødvendigvis Kulturrådets oppfatninger

# Innhald

<b>Føreord</b> .....	4
<b>Årsmelding 2007</b> .....	5
Fordeling av midlar .....	5
Søknader og tildelingar .....	5
Tabellar .....	6
Tiltak retta mot barn og unge og kulturelt mangfald .....	9
Støtte til marknadsføring av fonogram og kortfilm/dokumentarfilm og til oppattaking og spreining av sceneframsyningar .....	9
Oppfølging av prosjekt som ikkje er registrerte som fullførte .....	10
Klagebehandling .....	10
Styret .....	10
Fagutval .....	11
Sekretariatet .....	14

# Føreord

Fond for lyd og bilete har også i 2007 måtta leve med ein del uvisse om den framtidige funksjonen og rolla til fondet i det kulturpolitiske biletet. Den uavklarte situasjonen til fondet som tilskotsforvaltar verka likevel ikkje negativt inn på rammetilskota frå Stortinget og regjeringa for 2007. Tvert om. Vi opplevde ei gledeleg utviding av rammene, til 25 millionar kroner.

Ordningane for tildeling av statstilskot til kulturføremål er som kjent under lupa. Det gjeld òg Fond for lyd og bilete. Hausten 2007 sette Kultur- og kyrkjedepartementet ned eit utval for gjennomgang av dei aktuelle ordningane. Utvalet, som blir leidd av Lene Løken og er kjent som Løken-utvalet, skal gå gjennom fordelingsystema og ansvars- og arbeidsfordelinga for statleg støtte til kulturføremål. Løken-utvalet har fått ei krevjande oppgåve, og det knyter seg mange forventningar til konklusjonane som utvalet kjem fram til. Fristen for innstillinga til utvalet er 1. juni 2008, og konkrete endringar kan kome allereie i statsbudsjettet for 2009.

Fond for lyd og bilete har gjeve bidraget sitt til utgreiinga ved å levere grunnlagsmateriale i form av tal og opplysningar om verksemda til fondet og ved å gjere greie for synet sitt på rolla fondet har i det norske kulturlandskapet.

Styret ser med spenning og forventning fram til resultatet av arbeidet til Løken-utvalet. Ikkje mindre viktige er dei planlagde endringane i forskrifta for fondet. Forslag til endringar vart sende ut frå Kultur- og kyrkjedepartementet i oktober 2007 med frist for høyringsfråsegner i januar 2008. Både vurderinga til Løken-utvalet og dei komande forskriftsendringane vil ha mykje å seie for den vidare utviklinga til fondet, både når det gjeld kva kunstartar vi gjev støtte til, og kva funksjon fondet skal ha som vederlagsordning og som kulturpolitisk ordning.

Fondet fekk i 2007 som nemnt ein gledeleg auke, slik at det var på 25 millionar kr. Saman med 1,6 millionar kr i tilbakeførte tilskot gav det om lag 26,6 millionar kr til fordeling. Talet på søknader er framleis svært høgt, det kom også i 2007 inn over 3 000 søknader, medan det samla søknadsbeløpet gjekk noko ned. Det inneber at løyvingsprosenten gjekk opp til 10,9 %.

Frå og med hausten 2006 vart dei to fonogramutvala (kunstnarar og produsentar) slegne saman. 2007 var dermed det første året med full effekt av samanslåinga. Styret vurderer omorganiseringa som vellukka. Eit føremål med samanslåinga var å konsentrere tildelingane i færre og større tilskot. Utviklinga har vist at dette faktisk har skjedd. I 2005 vart det gjeve 187 tilskot med eit gjennomsnittleg tilskotsbeløp på ca. kr 28 000. I 2007 vart det gjeve 119 tilskot med eit gjennomsnittleg tilskotsbeløp på ca. kr 55 000.

Venleg helsing  
Øystein Blymke  
styreleiar

# Årsmelding 2007

## Fordeling av midlar

I 2007 vart fondet tildelt 25 millionar kroner over statsbudsjettet. Med tillegg frå tilbakeførte midlar frå tidlegare år var det totale beløpet til disposisjon 26 633 900 kroner. Hovudfordelinga til fondet skal ta utgangspunkt i ei deling av midlane i fire delar. Éin del blir disponert av styret på fritt grunnlag, medan tre delar blir avsette til føremål som har tilknytning til høvesvis opphavsrettshavarar, utøvande kunstnarar og produsentar.

Hovudfordelinga dannar grunnlaget for sektorfordelinga, det vil seie dei beløpa som blir stilte til disposisjon for fagutvala. For 2007 vart fordelinga fastsett slik:

Fonogramproduksjon	6 561 000
Musikk	4 155 200
Scene	3 112 000
Tekst	1 846 700
Video/film	7 386 500

Avsetjinga til styret var på 3,5 millionar kroner. Denne avsetjinga blir nytta til søknader som ikkje høyrer naturleg heime i eit einskild fagutval, og til tiltak som styret vel. Tilskot til marknadsføring av fonogram og kortfilm/dokumentarfilm og til oppattaking og formidling av sceneframsyningar blir tekne frå denne avsetjinga.

Tildelingane dette året utgjorde samla kr 26 633 900, og kr 203 570 vart overført til neste år.

## Søknader og tildelingar

### *Søknader*

For året 2007 registrerte fondet i alt 3 061 søknader med ein samla søknadssum på kr 245 425 000. For 2006 var tala 3 211 og 277 142 733. Dette inneber ein reduksjon på 150 søknader og ein reduksjon av det totale søknadsbeløpet med kr 31 717 733, ulikt fordelt på dei ein-skilde søknadsomgangane.

## Søknader og søknadssum fordelte seg slik:

Fagutval	2007		2006	
	Tal på søknader	Totalt beløp	Tal på søknader	Totalt beløp
Styret	299	20 299 860	303	18 885 321
Fonogramproduksjon	1 066	73 193 031	1 168	77 487 206
Musikk	638	32 371 283	618	32 670 313
Scene	350	30 008 922	314	29 016 622
Tekst	246	12 625 663	250	12 394 483
Video/film	462	76 926 241	558	106 688 788
Sum	3 061	245 425 000	3 211	277 142 733


### Tildelingar

For året 2007 vart det gjeve tildeling til i alt 546 søknader, 26 færre enn førre året.


### Tildelingane fordelte seg slik:

Fagutval	2007		2006	
	Tal	Totalt beløp	Tal	Totalt beløp
Styret	112	3 572 500	120	4 109 900
Fonogramproduksjon	119	6 561 000	155	5 559 000
Musikk	132	4 155 200	122	3 507 828
Scene	48	3 112 000	46	2 633 000
Tekst	70	1 846 700	72	1 554 000
Video/film	65	7 386 500	57	6 240 212
Sum	546	26 633 900	572	23 603 940

### Tal på søknader mot tal på tildelingar



## Søknadssum mot tildelt sum



### Tildelingane dette året

Styret har fastsett ein nøkkel for å klassifisere tildelingane i dei einstilte fagutvala. Oversynet viser kva typar kunstverk/sjangerar som har motteke tildelingar for 2007, samanlikna i prosent av tildelingsbeløpa til utvala for 2006 og 2005:

Type produkt/sjanger (ferdig gjennomført)	Tal	Beløp	i % av tildelingsbeløpa til utvalet		
			2007	2006	2005
<b>Fonogramproduksjon</b>					
Pop/rock/blues	40	2 556 500	40	41	43
Jazz	23	1 220 000	19	14	12
Klassisk/kunstmusikk	7	360 000	5	11	7
Samtidsmusikk	6	343 000	5	5	6
Viser	16	815 500	12	8	13
Musikk for barn	3	165 000	2		
Norsk/samisk folkemusikk	14	703 000	11	11	11
Verdsmusikk	5	178 000	3	5	6
Elektronika	3	100 000	1	4	3
Country	2	120 000	2	1	1
<b>SUM</b>	<b>119</b>	<b>6 561 000</b>	<b>100</b>	<b>100</b>	<b>100</b>
Av dette barn/ungdom	27	1 510 000	23	40	47
Av dette kulturelt mangfald	5	178 000	3	8	8
<b>Musikk</b>					
Komposisjon	10	281 100	7	6	6
Turné	61	2 018 100	48	40	40

Type produkt/sjanger (ferdig gjennomført)	Tal	Beløp	i % av tildelingsbeløpa til utvalet		
			2007	2006	2005
Konsert	45	1 230 000	30	33	35
Festivalar	16	626 000	15	17	18
Seminar/kurs	-	-	-	4	1
SUM	132	4 155 200	100	100	100
Av dette barn/ungdom	9	274 000	7	6	23
Av dette kulturelt mangfald	4	130 000	3	1	7
<b>Scene</b>					
Teaterframsyning	19	1 149 000	37	31	53
Figurteater	1	50 000	1	6	1
Danseframsyning	20	1 330 000	43	43	34
Musikkdramatisk framsyning	8	583 000	19	10	7
Festivalar	-	-	-	10	4
Seminar/kurs	-	-	-	-	1
SUM	48	3 112 000	100	100	100
Av dette barn/ungdom	17	987 000	32	32	32
Av dette kulturelt mangfald	7	401 000	13	1	3
<b>Tekst</b>					
Tekstar	18	363 000	20	12	23
Filmmanus	35	1 052 700	57	67	58
Teatermanus	15	381 000	21	21	19
Bokmanus	2	50 000	2	-	-
SUM	70	1 846 700	100	100	100
Av dette barn/ungdom	21	567 000	31	17	24
Av dette kulturelt mangfald	14	415 000	22	18	12
<b>Film/video</b>					
Film – fiksjon	13	1 853 000	25	25	30
Film – dokumentar	30	3 951 000	53	46	35
Animasjon – fiksjon	5	519 000	7	10	30
Animasjon – dokumentar	1	45 000	1	7	-
Foto/kunstvideo	-	-	-	1	-
Festivalar	1	15 000	0	1	-
Musikkvideo/anna	15	1 003 500	14	10	5
SUM	65	7 386 500	100	100	100
Av dette barn/ungdom	9	1 057 000	14	15	31
Av dette kulturelt mangfald	8	1 025 000	14	23	28



## Til disposisjon for styret

### a) Blanda gruppe

Type produkt/sjanger (ferdig gjennomført)	Tal	Beløp	i % av tildelingsbeløpa til utvalet		
			2007	2006	2005
Multimedia/installasjonar	7	417 000	43	42	15
Kringkastingsprogram	3	400 000	41	41	70
Festivalar/arrangement	2	150 000	16	9	15
Andre tverrfaglege prosjekt	-	-	-	8	-
SUM	12	967 000	100	100	100
Av dette barn/ungdom	-	-	-	22	-
Av dette kulturelt mangfald	-	-	-	-	-

### b) Marknadsføring av fonogram og kortfilm/dokumentarfilm og oppattaking og spreining av sceneframsyningar

	2007		2006		2005
	tal	beløp	tal	beløp	tal
Marknadsføring fonogram	56	1 099 000	53	1 142 900	59
Marknadsføring film	23	627 500	25	757 000	20
Oppattaking sceneframsyningar	21	879 000	29	1 120 000	20
SUM	100	2 605 500	127	3 019 900	99

## Tiltak retta mot barn og unge og kulturelt mangfald

Kultur- og kyrkjedepartementet la til grunn for løyvinga at fondet skal medverke til å realisere den nasjonale kulturpolitikken gjennom vektlegging av tiltak som stimulerer utviklinga av ein levande barne- og ungdomskultur og kulturelt mangfald.

I søknadsbehandlinga har både fagutvala og styret særleg prioritert søknader som rettar seg mot dei to målgruppene.

Tilskot til prosjekt for barn og unge i ordinære tildelingar utgjorde kr 4 425 000, det vil seie 16,6 % av det totale tildelingsbeløpet. Tilskot til prosjekt som retta seg mot kulturelt mangfald, utgjorde kr 2 149 000, det vil seie 8 %.

## Støtte til marknadsføring av fonogram og kortfilm/dokumentarfilm og til oppattaking og spreining av sceneframsyningar

I 2007 vart vel 70 % av avsetjinga til styret brukt til dei nye ordningane som vart sette i gang hausten 2000: tilskot til marknadsføring av fonogram og kortfilm/dokumentarfilm og tilskot til oppattaking og spreining av sceneframsyningar. Gjennom desse tilskotsordningane ønskjer styret å styrkje formidlinga av prosjekt som fell innanfor verkeområdet til fondet.

I løpet av året mottok styret 263 søknader til desse tiltaka. I alt 2,6 millionar kroner blei fordelte på 100 prosjekt. Ordningane er vortne godt mottekne og møter eit behov i bransjemiljøa.

## Oppfølging av prosjekt som ikkje er registrerte som fullførte

Tilskotsmottakarar har normalt ein frist på to år til å fullføre prosjektet. Ved slutten av denne fristen blir dei som har fått utbetalt første del av tilskotet, eit brev der dei blir gjort merksame på avslutningsfristen. Midlar avsette til prosjekt som etter dette ikkje er vortne fullførte, går attende til fondet saman med avsetjing til prosjekt som ikkje har vorte byrja på. Dei tilbakeførte midlane blir stilte til rådvelde for seinare søknadsomgangar.

Styret har i 2007 vedteke å tilbakeføre midlar tildelte for perioden 2001–2006 med i alt kr 1 705 200. Dette utgjer 1,26 % av tildelingsbeløpa for desse åra. Beløpet er lagt til disposisjonsbeløpet til fondet i 2007.

## Klagebehandling

Ved kgl. res. av 15. mars 1991 er det med heimel i § 28, 3. ledd i forvaltningslova vedteke at det ikkje kan klagast til departementet over det faglege kunstnarlege skjønnet. Forskrifta vart gjort gjeldande frå 9. april 1991. Ut frå dette er det berre klagerett til Kulturdepartementet over feil ved saksbehandling og bruk av lova.

I 2007 vart det i alt sendt inn elleve klagar. Ti av desse tilfredsstilte ikkje klagegrunnlaget. Éin klage gjekk vidare til Kultur- og kyrkjedepartementet. Klagen fekk ikkje medhald.

## Styret

Styret vart oppnemnt av Kultur- og kyrkjedepartementet for perioden 2005–2007.

### Samansetnad av styret:

Leiar	Øystein Blymke	Oppnemnd iflg. § 3 i vedtektene
Personleg varamedlem	Harald Olsen	Oppnemnd iflg. § 3 i vedtektene
<i>Produsentar</i>		
Styremedlem	Jan Paulsen	Foreningen Norske Plateselskaper og IFPI Norge
Personleg varamedlem	Sæmund Fiskvik	Foreningen Norske Plateselskaper og IFPI Norge
Styremedlem	Ellen Jacobsen	Norske film & tv-produsenters forening
Personleg varamedlem	Eric Vogel	Norske film & tv-produsenters forening
<i>Opphavsrettshavarar</i>		
Styremedlem – trekte seg juni 2007	Inger-Margrethe Lunde	Dramatikerforbundet
Personleg varamedlem	Anne Helgesen	Dramatikerforbundet
Styremedlem	Ingrid Kindem	NOPA / Norsk Komponistforening
Personleg varamedlem	Eva Dahr	Norske Filmregissører
<i>Utøvande kunstnarar</i>		
Styremedlem	Grete Valstad	Norske Dansekunstnere
Personleg varamedlem	Marianne Antonsen	GramArt
Styremedlem	Renée Rasmussen	Musikernes fellesorganisasjon
Personleg varamedlem	Janne Langaas	Norsk Skuespillerforbund

Norsk kulturråd og Fond for utøvande kunstnarar har rett til å møte som observatørar i styremøte med høve til å gjere protokolltilførsler. Styret har halde ti møte i 2007.

Styret har oppnemnt eit arbeidsutval for å førebu saker for styret og behandle einskildsaker etter fullmakt. Arbeidsutvalet består av leiari og to av dei andre medlemmene i styret. Medlemmene blir oppnemnde for eit halvt år om gongen. Desse har sete i arbeidsutvalet: Grete Valstad og Ingrid Kindem.

Til å førebu behandlinga av søknader som ikkje høyrer naturleg heime i eit einskild fagutval, har styret eit eige utval på to personar, oppnemnde blant styremedlemmene for eit halvt år om gongen. Utvalet har bestått av Jan Paulsen og Ellen Jacobsen.

Til å førebu behandlinga av søknader for tiltaka marknadsføring av fonogram og kortfilm/dokumentarfilm og til oppattaking og spreiding av sceneframсыningar har styret tre eigne utval på to personar, oppnemnde blant styremedlemmene. Utvalet for marknadsføring av fonogram har bestått av Jan Paulsen og Renée Rasmussen. Utvalet for marknadsføring av kortfilm/dokumentarfilm har bestått av Ellen Jacobsen og Eva Dahr. Utvalet for oppattaking og spreiding av sceneframсыningar har bestått av Grete Valstad og Inger-Margrethe Lunde.

## Fagutval

Ved oppnemninga av fagutvala har organisasjonane forslagsrett. Fagutvala blir oppnemnde av styret på sjølvstendig grunnlag for eitt år om gongen. Kulturdepartementet oppmoda i brev av 8. februar 1996 styret om å styrkje distriktsprofilen ved oppnemninga av fagutval for å motverke den sterke Oslo-dominansen i det departementsoppnemnde styret. Styret prøvde å vektleggje distriktsfordelinga spesielt ved samansetjinga av fagutvala. Samtidig vart det understreka overfor organisasjonane at § 21 i likestillingslova om forslag på både mannlege og kvinnelege kandidatar skal etterlevast.

### *Arbeidet i fagutval*

Ved sida av å stille krav til kunstnarleg kvalitet har styret gjeve ein del generelle kriterium som fagutvala bør halde seg innanfor i innstillinga si til styret. Styret har òg vedteke at den kulturpolitiske delen av siktemåla til fondet skal speglast i tildelingane.

Retningslinene til fagutvala lyder slik:

- Vurderinga til fagutvala skal vere basert på kunstnarleg skjønn.
- I tråd med vederlagstanken skal midlane særleg kome dei gruppene som er utsette for privatkopiering, til gode.
- I tråd med kulturpolitiske mål skal støtta fremje ny norsk produksjon og framføring.
- Støtta skal vere prosjektorientert.
- Ein skal prøve å spreie midlane på ulike sjangrar.

Desse kategoriane får ikkje støtte:

- a) studiereiser og andre reisestipend og utgifter til utdanning
- b) innkjøp og drift av utstyr og instrument
- c) desse kunstformene:
  - måleri
  - teikningar
  - grafikk
  - skulptur
  - bygningskunst

- bilettev
  - kunsthandverk
  - kunstindustri
- d) driftsstøtte til institusjonar, organisasjonar, lag, grupper og tilsvarande
- e) produksjonar med utanlandske ansvarlege
- f) teikneseriar
- Det blir normalt ikkje gjeve støtte til prosjekt i regi av offentlege etatar eller institusjonar, søkjarar med offentlig driftsstøtte og søkjarar med offentlig grunnfinansiering.

I retningslinjene for arbeidet til fagutvala er det fastsett at fagutvala kan, og bør, bruke konsulent om dei får samiske eller framandspråklege søknader, eller om søknaden på annan måte føreset ein fagleg kompetanse som ikkje er representert i fagutvalet.

*Fagutval våren 2007:*

Medlemmer	Varamedlemmer
<b>FONOGRAMPRODUKSJON</b>	
Kristin Skaare, Oslo, (Musikernes fellesorganisasjon)	Øystein Rudjord, Oslo, (GramArt)
Kine Hellebust, Mortenhals, (NOPA)	Tone Hulbækmo, Tolga (NOPA)
Mats Nilsson, Oslo (IFPI Norge)	Marte Thorby, Oslo (IFPI Norge)
Erling Andersen, Oslo (FONO)	Stine Farstad, Oslo (FONO)
<b>MUSIKK</b>	
Knut Starheim, Bergen, (Musikernes fellesorganisasjon)	Ole Bøhn, Oslo, (Musikernes fellesorganisasjon)
Per Husby, Oslo (NOPA)	Knut Halmrast, Asker (NOPA)
Rita Eriksen, Oslo (NOPA)	Annik P. Gade, Fredrikstad (NOPA)
William Kristoffersen, Råholt (GramArt)	Hilde Wahl, Oslo (GramArt)
<b>SCENE</b>	
Marte Sæther, Oslo (Norske Dansekunstnere)	Mona Walderhaug, Haslum (Norske Dansekunstnere)
Torkel R. Bråthen, Oslo (Norske Dansekunstnere)	Thomas L. Gundersen, Oslo (Norske Dansekunstnere)
Rune Temte, Solbergelva (Norsk Skuespillerforbund)	Yngve Seterås, Bergen (Norsk Skuespillerforbund)
Tyra Tønnesen, Oslo (Norsk Sceneinstruktørforening)	Trond Birkedal, Oslo (Norsk Sceneinstruktørforening)
<b>TEKST</b>	
Birgitte Bratseth, Oslo (Skribentenes Samarbeidsutvalg)	Inki Storleer, Trondheim (Skribentenes Samarbeidsutvalg)
Kari Iveland, Oslo (NOPA)	Heidi Køhn, Oslo (NOPA)
Lars Daniel K. Jacobsen, Oslo (Norske Filmregissører)	Maria F. Warsinski, Oslo (Norske Filmregissører)

Medlemmer	Varamedlemmer
VIDEO/FILM	
Elsa Kvamme, Oslo (Norske Filmregissører)	Jon Jerstad, Oslo (Norske filmregissører)
Eric Vogel, Oslo (Norske film & tv-produsenters forening)	Tanya Badendyck, Oslo (Norske film & tv-produsenters forening)
Stine H. Varvin, Oslo (Norsk Skuespillerforbund)	Stig Henrik Hoff, Oslo (Norsk Skuespillerforbund)

*Fagutval hausten 2007:*

Medlemmer	Varamedlemmer
FONOGRAMPRODUKSJON	
Eirik Raude, Oslo (Musikernes fellesorganisasjon)	Anne Nyborg, Oslo (Musikernes fellesorganisasjon)
Elisabeth Vannebo, Bergen (NOPA)	Jon-Willy Rydning, Moss (NOPA)
Øystein Rudjord, Oslo (IFPI Norge)	Hildegunn Olsbø, Oslo (IFPI Norge)
Erling Andersen, Oslo (FONO)	Stine Farstad, Oslo (FONO)
MUSIKK	
Ole Bøhn, Oslo, (Musikernes fellesorganisasjon)	Knut Starheim, Bergen (Musikernes fellesorganisasjon)
Kjell Habbestad, Sofiemyr (Norsk Komponistforening)	Karsten Brustad, Greåker (Norsk Komponistforening)
Anniken P. Gade, Fredrikstad (NOPA)	Elin Rosseland, Oslo (NOPA)
Hilde Wahl, Oslo (GramArt)	Ottar Johansen, Oslo (GramArt)
SCENE	
Mona Walderhaug, Haslum (Norske Dansekunstnere)	Marte Sæther, Oslo (Norske Dansekunstnere)
Torkel R. Bråthen, Oslo (Norske Dansekunstnere)	Thomas L. Gundersen, Oslo (Norske Dansekunstnere)
Ulla Marie Broch, Oslo (Norsk Skuespillerforbund)	Yngve Seterås, Bergen (Norsk Skuespillerforbund)
Einar Bjørge, Oslo (Norsk Sceneinstruktørforening)	Liv Hege Nylund, Lillestrøm (Norsk Sceneinstruktørforening)
TEKST	
Inki Storleer, Trondheim (Skribentenes Samarbeidsutvalg)	Birgitte Bratseth, Oslo, (Skribentenes Samarbeidsutvalg)
Ingvar Hovland, Egersund (NOPA)	Geirr Lystrup, Brumunddal (NOPA)
Berit Steen, Bergen (Norske film & tv-produsenters forening)	Tom Gulbrandsen, Oslo (Norske film & tv-produsenters forening)

Medlemmer	Varamedlemmer
VIDEO/FILM	
Eva C. Nilsen, Sortland (Norsk Filmforbund)	Anette Ostrø, Oslo (Norsk Filmforbund)
Carsten Aanonsen, Oslo, Oslo (Norske film & tv- produsenters forening)	Nils B. Andersen, Oslo (Norske film & tv-produsenters forening)
Jørgen Langhelle, Nesoddtangen (Norsk Skuespillerforbund)	Stine H. Varvin, Oslo (Norsk Skuespillerforbund)

### Sekretariatet

Sekretariatet har i første rekkje som arbeidsoppgåve å registrere og sørgje for all praktisk behandling av søknadene. Sekretariatet skal dessutan ta seg av sekretærfunksjonar for styret, arbeidsutvalet og fagutvala. Sekretariatet følgjer opp fondstildelingane gjennom utbetaling og kontroll av rapportar og rekneskap og tek seg av andre administrative rutinar. Sekretariatet er administrativt tilknytt Norsk kulturråd. I administrasjonen til rådet er det assisterande direktør Guri Skjeldal, seniorkonsulent Ole K. Richenberg og seniorkonsulent Karin Krok som har eit særleg ansvar for sakene til fondet. I tillegg blir det engasjert ekstrahjelp på deltid.